

## Ikkje mange klager over stopp i fiskekortsal

01.08.2012

Nokre har ringt, men det har ikkje vore mange klager over at elveigarlaget stoppa salet av døgnkort for fisket. Det opplyser leiar Johannes Feet til uskedalen.no  
-Og fiskarane som har ringt har vi forklåra kvifor salsstopp og dei har stilt seg forståande til grunnane.  
Den siste månaden når fiske er tillate blir august og då har berrre dei med sesongkort - 35 i talet - lov.



Leiar Johannes Kaldestad Feet

- Kva er kommentaren din til at berre noko over 300 kilo fanga fisk er rapportert inn og registrert på heimesida til no? Det må vere teke mykje meir fisk?

- Det er nok rett, men eg er likevel godt fornøgd med korleis det nye rapportsystemet har verka, Ein skal hugsja at dette er noko heilt nytt og ein skal ikkje venta at alle kan beherske det heilt frå starten. Men det kan vera aktuelt å justera det noko framfor neste sesong.

Elles vil eg nytte høvet til å bringe vidare til fiskerane ei lita klage frå grunneigarar. Dei bed om at ein ikkje gløymer å stenga porter og gjerder. I ei jordbruksbygd er det lett å tenkja seg konsekvensen hvis ein ikkje gjer det

Av Ola Matti Mathisen